



Sindre Aksnes er eit ettertrakta slagverkstalent.

17 år gamle Sindre Aksnes er som kjent eit slagverkstalent utanom det vanlege. Ungguten beherskar mange ulike musikksjangrar, og i følge musikkkyndige har han det ekstra som gjer at han verkeleg musiserer på trommesettet. Han er ein svært ettertrakta muskar, og nyleg opplevde han å få spørsmål om heile 5 ulike musikkoppdrag på ein og same dag.

Oppdraga var saman med 4 ulike musikkgrupper frå Kvinnherad og Odda. Sjølvagt kunne ikkje Sindre rekka på alt dette, men han imponerte både med Jazzverket under opninga av Spar Uskedalen om ettermiddagen, og på konsertavdelinga med den nystarta gruppa Hard Anger på Snikkeriet i Rosendal om kvelden.

Sindre kosar seg på trommesettet sitt, og han likar å spela i ulike samanhengar. Dette er og viktig for utviklinga til det unge talentet.